

Notat om manglande kompensasjon for redusert basistilskot for Meland kommune i statsbudsjettet for 2018.

1. Grunnlag

I avtale publisert 21. april 2016 om nytt inntektssystem for kommunane mellom Høyre, Fremskrittspartiet og Venstre, kulepunkt 3, underavsnitt Strukturkriterium står det:
Kommuner som vedtar å slå seg sammen med andre i reformperioden skal få videreført basistilskuddet på 2016-nivå gjennom en overgangsordning frem til de mottar inndelingstilskudd som en del av en ny kommune.

2. Status for Meland kommune

Meland kommune skal slå seg saman med Lindås og Radøy kommune fra 1.1.2020, og skal såleis ha kompensasjon for redusert basistilskot i perioden 2017 til 2019. Vi meiner at dette ikke er oppfylt for Meland kommune i statsbudsjettet for 2018. Meland kommune har, som alle aktuelle kommunar, fått videreført det kommunen fekk i direkte kompensasjon i 2017 (kr 548.000,-), med tillegg for priskompensasjon.

3. Tidlegare korrespondanse i saka

I henvending til Kommunaldepartementet 12. oktober 2017 vedr. denne saken skriver Håvard Rød hos Fylkesmannen i Hordaland mellom anna følgjande:

Meland kommune (kommunenummer 1256) hadde et beregnet tap av redusert basistilskudd i 2017 på kr. 4,36 mill. På grunn av kompensasjon gjennom INGAR i 2017, kr. 3,9 mill., ble kompensasjonen beregnet til kr. 449.000,- for 2017.

For 2018 er beregnet kompensasjon til Meland kommune kr. 562.000,-. Kommunen får ingen kompensasjon gjennom INGAR i 2018, Når kommunen ikke får noen kompensasjon gjennom INGAR i 2018, er det da riktig å redusere kompensasjonsbeløpet så mye fra kr. 4,36 mill., som var beregnet tap av omlegging før INGAR?

Departementet, ved Karen Nystad svarte i mail 16. oktober følgjande:

Hei,

Etter en helhetlig vurdering har vi valgt å videreføre samme fordeling som i 2017, og det er derfor ikke foretatt en ny beregning av dette for 2018.

Hilsen Karen

4. Nærare forklaring til vårt synspunkt

Overgangsordninga INGAR gir kompensasjon dersom kommunen frå eit år til det neste har ein reduksjon i rammetilskotet som er høgare enn ein fastsatt grenseverdien (landsgjennomsnittet). Denne grenseverdien for kompensasjon er kr 400,- per innbyggjar i 2018.

Meland kommune fekk i 2017 overført kr 3,9 mill. via INGAR. INGAR-refusjonen kjem som ein direkte følge av reduksjonen i basistilskot frå 2016 til 2017, og sum kompensasjon for redusert basistilskot i 2017 vert dermed i praksis kr 4,4 mill. (INGAR kr 3,9 mill. pluss rest-kompensasjon kr 0,5 mill). Om ikkje INGAR og kompensasjonen for redusert basistilskot vart avrekna mot kvarande i 2017 ville kommunen fått refundert for overgangsordninga dobbelt opp.

Som følgje av høg vekst og at kommunen får auke i utgiftsutjamninga frå 2017 til 2018 får kommunen ikkje INGAR i 2018. Ein kan difor ikkje vidareføre ei avrekning mot INGAR som er rekna ut på basis av spesifikke kriteriedata for 2017. Ein må rekne ut kompensasjonen og eventuell avrekning mot INGAR på nytt både for 2018 og i 2019.

Når ikkje Meland kommune får INGAR-refusjon for 2018, meiner vi at kommunen skal ha om lag kr 4,4 mill pluss prisjustering i 2018, slik at kompensasjonen i sum vert som i 2017.

5. Effekt for andre kommunar I Hordaland

Ser vi på andre kommunar i Hordaland, ser vi kor urimeleg departementet sin metoden for vidareføring av kompensasjonsordninga vert.

Kommunane Os, Fjell og Sund hadde alle stor vekst og god inntektsutvikling frå 2016 til 2017. Dei fekk dermed ikkje INGAR på tross av reduksjonen i basistilskotet. Desse kommunane fekk såleis heile kompensasjon for redusert basistilskot direkte gjennom ordninga i 2017. Dei får og full vidareføring til 2018, og får dermed den korrekte kompensasjonen.

Odda, Meland og Lindås fekk store deler av kompensasjonen for redusert basistilskot avrekna mot INGAR i 2017, og taper stort på måten departementet har gjort dette på i 2018. For kommunane Fjell, Øygarden og Radøy kommunar vert og utrekning feil, men med mindre beløp.

Situasjonen vil varier tilsvarende for samanslåingskommunane i andre fylke.

Slik departementet har gjort dette vil god inntektsutvikling frå 2016 til 2017 gje korrekt kompensasjon for redusert basistilskot for samanslåingskommunar i 2018 og 2019, medan dårlig inntektsutvikling frå 2016 til 2017 fører til store tap for 2018 og 2019.

For Meland kommune aleine er effekten til saman på om lag kr 8 mill.

Det opplevast som svært dårlig fordelingspolitikk.

Frekhaug 19. oktober 2017

Per Inge Olsen

Økonomisjef Meland kommune